



Aktivetsdagen 2006 hadde også artige vatn-aktivitetar, men "Ta sjansen" blir kanskje artigare? (Foto: Ola Matti Mathisen).

Aktivitetshusets Damevenner har funne på ein spanande, ny vri i programmet for den tradisjonelle Aktivetsdagen, som denne sommaren er 14. juni: Dei har invitert bedrifter til å delta i "Ta sjansen", som er kjent frå Holmenkollbakken. Men dei kallar aktiviteten 'Hopp i havet!'

Som i Kollen skal det byggjast ei rampe på land og ein stolpe med bjølle eit stykke uti sjøen. Poenget er så å koma raskast mogeleg ut til bjølla. Rampa blir 1,2 meter brei.

Kvinnheringen melder at det også blir premiar til dei med den artigste båten og til dei største optimistane. Påmeldingsfristen er utsett frå 15. til 25. april.

Ei bedrift kan stilla med så mykje mannskap den vil, men minst ein person må vera frå verksemda.

Praktiske spørsmål om rampe, kor stor farkosten skal vera og anna får ein svar på hos Oddmund Soldal: o.soldal@online.no

Påmeldinga skal skje til Klara Bakke: zjakk.frisorsalong@knett.no eller Anita Enæs: anita.enes@knett.no